



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hilde Ordemann, 55 57 22 12

Vår dato  
21.10.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/13575  
Dykkar referanse

Barneverntenesta i Meland  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

### Tilsyn - oppfølging kontroll og tilsyn med barn i fosterheim av

Fylkesmannen viser til halvårsrapport som gjeld Meland kommune første halvår 2016. Fylkesmannen har særleg merka seg det som gjeld tilsyns-, oppfølgings- og kontrollansvar for barn i fosterheim.

Fylkesmannen skal med heimel i barnevernslova (bvl) § 2-3, fjerde ledd, jf. § 2-3b føre tilsyn med barnevernsverksemda i fylket. Dette inneber mellom anna å sjå til at kommunane utfører dei oppgåvene dei er pålagt etter lova.

Kommunens ansvar på dette området er regulert i barnevernslova (bvl) §§ 4-16, 8-4, 4-22, og fosterheimsforskrifta §§ 7, 8 og 9. Barnevernstenesta har ansvar for oppfølginga av barnet etter omsorgsovertakinga, under dette eit ansvar for å følgje utviklinga til barnet og foreldra. Barnevernstenesta skal følgje opp og føre kontroll med det enkelt barnet sin situasjon i fosterheimen. Barnevernstenesta skal besøke fosterheimen så ofte som naudsynt for å kunne oppfylle ansvaret etter lova, men minimum fire/to gonger i året.

Den kommune der fosterheimen ligg, har ansvaret for godkjenning og tilsyn av heimen. Kommunen skal føre tilsyn med kvart enkelt barn i fosterheim frå plasseringstidspunktet og fram til barnet fyller 18 år. Også her er kravet til besøk minimum fire/to gonger i året.

Det går fram av halvårsrapporten at nær halvparten av barna som bur i fosterheim i kommunen ikkje fekk det tal tilsynsbesøk dei har krav på første halvår 2016.

Fylkesmannen ber om kommunen si vurdering av situasjonen. Vi ønskjer opplyst om det er sett i verk tiltak for å bringe oppfølginga i samsvar med lova sine krav. Vi ber om tilbakemelding innan 10. november 2016.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonsleiar

Marianne Kjelby  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

